



Postmottak Lindås

Referanser:

Dykkar:

Vår: 19/30 - 19/7382

Saksbehandlar:

Tone Margrethe Berland Furustøl

tone.furustol@lindas.kommune.no

Dato:

04.03.2019

Oversending av søknad for vedtak etter særlov - gbnr 148/7 Litleskare

Lindås kommune viser til innsendt søknad om oppretting av ny grunneigedom på ca. 1500m² med etablert kårbustad (våningshus nr.2 på garden). Kårbustad er etablert på Skarsvegen 254 (sør-vest for Fylkesvegen), mens det eldste våningshuset (som er Sefrak registrert) er etablert på Skarvsegen 657. Eigedomen er i drift pr.17.04.2018. Drifta er registrert på Bjørn- Ove Lilleskare. Av andre eigedomar i nærleiken er gbnr 148/1 i drift.

Grunngevinga for søknaden er blant anna at det er lite omsetning på garden. Høg takst på våningshus som ikkje er berekraftig ift. mogleg inntekt på garden. Stor bygningsmasse å vedlikehalde. Veg-vatn og avløp er løyst. Eigedomen har eigen intern tilkomstveg. Eigedomens plassering er gunstig ift. resterande landbrukseigedom.

Planstatus

Eigedomen ligg i uregulert område innafor det som i kommuneplanen (KPA) 2011-2023 ligg i område definert som LNF-føremål (landbruk-natur og friluftsliv) med særskilt omsynssone Landbruk. Det er krav til dispensasjon frå LNF-føremålet som er sendt på høyring til Landbruk i skriv, datert 01.03.2019.

Jordlova

NIBIO, 01.03.2019: Arealet er satt av til bebygd, samf., vann og bre. med rosa farge. Areal til vest og øst for eigedomen er overflatedyrka jord marker med gul farge. Omsøkt areal krev ikkje omdisponering etter jordlova §9. Delingsvedtak etter jordlova §12 er naudsynt for å kunne opprette ny grunneigedom.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Utsnitt NIBIO- gbnr 148/7



Etter vår gjennomgang av søknaden og det tiltaket som det vert søkt om, er vurderinga at det er nødvendig med vedtak/samtykke etter jordlova §12.


Søknaden vert med dette oversendt dykk for vedtak etter jordlova §12, jf. plan- og bygningslova § 21-5 og byggesaksforskrifta (SAK10) § 6-2.

Lindås kommune vil avvente si sakshandsaming til løyve etter jordlova §12 ligg føre. Vi ber om at kopi av vedtaket vert sendt til kommunen.

Historikk

I sak 1976/1982 i møte med saknr.10/77, gjaldt avslag på frådeling av ny grunneigedom for oppretting av nytt våningshus med tilsvarande same plassering som noverande søknad då det ikkje vart gjeve samtykkje frå Fylkeslandbruksstyret for oppretting av ny grunneigedom. Fylkeslandbruksstyret samtykkja til å føre opp nytt bustadhus på eigedom, der det nye våningshuset er vist plassert på situasjonskartet.

Utsnitt situasjonskart, sak 1976/1982



I sak 1977/302 i møte med saknr. 328/77, vart det gjeve løyve til oppføring av einebustad.

I sak 2005/942 var det gjeve administrativt avslag på oppretting av ny grunneigedom med etablert våningshus i vedtak, datert 10.06.2005. Grunngevinga var bl.a. drifts- og miljømessige ulemper for landbruket samt omsynet til avkastinga av bruket. Vedtaket vart påklaga av tiltakshavar og stadfesta av Plan- og miljøutvalet i vedtak datert 28.09.2005 i sak 147/05. Saka vart oversendt Fylkesmannen i Hordaland for endeleg avgjerd. Fylkesmannen i Hordaland stadfesta avslaget vedtaket i vedtak, datert 24.02.2006, med Fylkesmannen si referanse 2005/13766. Grunngevinga var bl.a. at våningshuset var ein ressurs for garden samt støy- og luktproblematikk for ein fritt omsetteleg eigedom i nærleik til landbruksdrifta. Saka frå 2005 er lagt ved oversendingsbrevet.

Med helsing

Siril Sylta
avdelingsleiar

Tone Margrethe Berland Furustøl
rådgjevar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Vedlegg:

Søknad om frådeling av nyaste våningshus år 2005- gbnr 148_7

Kopi til:

Bjørn Ove Lilleskare	Skarsvegen 654	5911	ALVERSUND
Psw Technology AS	Mongstad	5954	MONGSTAD
	Næringspark		
	Storemyra 247		
Psw Technology AS	Mongstad	5954	MONGSTAD
	Næringspark		
	Storemyra 247		

Mottakarar:

Postmottak Lindås